



Referansar:

Arkivsak: 26/01821-1

Saksdokumenter:

Kyrkjevalet 2027 – mål og prinsipp for kommunikasjonsarbeidet i kyrkjevalet

Samandrag

Kyrkjevalet 2027 vert gjennomført innanfor nye rammer. Valet blir digitalt, med høve til å stemme ved frammøte for veljarar som treng hjelp.

Ved kyrkjevalet i 2023 stemte 9,06 prosent av medlemmene. Dette til trass for at evalueringa viste at eit stort fleirtal av medlemmene hadde kjennskap til at det var val og korleis ein kunne stemme. Dei viktigaste forklaringane på at desse ikkje stemte, var at dei ville overlate valet til meir aktive kyrkjemedlemmer, ikkje var interesserte eller opplevde å vite for lite om kva saker valet handla om.

Kyrkjerådet vert i denne saka invitert til å fastsetje mål og overordna prinsipp for kommunikasjonen knytt til kyrkjevalet 2027. Det er forslag om mål knytt til auka valdeltaking, kjennskap til valet, omdømme og internkommunikasjon.

Forslag til vedtak

1. Kyrkjerådet fastset følgjande mål for kommunikasjonsarbeidet knytt til kyrkjevalet i 2027:
 - a. Medlemmene skal vite at det er kyrkjeval
 - b. Auka valdeltaking
 - c. God internkommunikasjon om kyrkjevalet
2. Valkommunikasjonen skal byggje på prinsippa om nøytralitet, likebehandling, informert val, tilgjengelegheit og openheit.
3. Kyrkjerådet ber direktøren opprette ei rådgjevande referansegruppe for kyrkjevalkommunikasjon slik det er gjort greie for i saka.

4. Kyrkjerådet ber direktøren utarbeide kommunikasjonsplan for kyrkjevalet 2027 i samsvar med mål og prinsipp fastsette i denne saka, og jamleg orientere Kyrkjerådet om arbeidet.

Saksorientering

Kvart fjerde år er det kyrkjeval i Den norske kyrkja. Det er ein av dei største aktivitetane der heile kyrkja kommuniserer saman om det same, med mål om å gjennomføre eit demokratisk val der medlemmane er kjende med valet og ynskjer å delta i det. Gjennom valkommunikasjonen møter kyrkja medlemmer med stemmerett med informasjon om valet, invitasjon til å delta og betydninga av demokratiske val i kyrkja.

Kyrkjerådsadministrasjonen er i denne samanhengen eit «valdirektorat», der administrasjonen som valmynde også har ansvar for kommunikasjon om valet.

Kommunikasjonsarbeidet handlar om kyrkjevalet som heilskap, men hovudvekta vil vere knytt til dei to største vala (soknerådsmedlemmer og valte medlemmer til Kyrkjemøtet og bispedømeråd). Samisk kyrkjeleg valmøte og val blant tilsette vil fylgje sitt eige kommunikasjonsløp.

Kyrkjemøtet har vedteke rammer (KM 10/25) og regelverk for kyrkjevalet 2027 (KM 8/26). Den største endringa, der valet no er heildigitalt, gjer kommunikasjon til ein del av infrastrukturen og ein sentral del av gjennomføringa.

Erfaringar frå kyrkjevalet 2023

Evalueringa av kyrkjevalet 2023 (KR 37/24) gir viktig kunnskap for arbeidet fram mot kyrkjevalet 2027. Dei sentrale måla for kommunikasjonen i 2023 var å gjere medlemmene kjende med at det var kyrkjeval, informere om digital førehandsstemming, og motivere til deltaking. Informasjon om kandidatar, lister og kvifor veljarane skulle stemme på deira liste var i hovudsak listenes ansvar.

Mange veljarar fekk med seg den nasjonale kommunikasjonskampanjen om kyrkjeval. Undersøkingar som vart gjorde, viste òg at kjennskapen til valet auka frå 27 prosent før kampanjen til 82 prosent etter kampanjeperioden. Medlemsundersøkinga dette året viste at 81 prosent av medlemmene visste at det hadde vore kyrkjeval, til trass for ei valdeltaking på 9,06 prosent. Blant dei som ikkje stemte, svarte 77 prosent at dei visste at det var val. På oppfølgingsspørsmål om kvifor dei likevel ikkje stemte, var den viktigaste grunnen at dei ville overlate valet til dei som er meir aktive i kyrkja.

Erfaringar frå høg valdeltaking i politiske val viser at det både handlar om kjennskap til valet, men også at veljarane opplever at noko «står på spel». I kyrkjevalet 2015 var eit slikt tydeleg spørsmål på dagsordenen, noko som gjorde at 16,7 prosent stemte i valet.

Evalueringa peikar òg særleg på utfordringar knytt til informasjon om kandidatar og lister. Kyrkjerådet fekk mange tilbakemeldingar om at veljarar opplevde det som vanskeleg å få oversikt over kva kandidatar og lister stod for. Fleire bispedøme etterlyste meir tilgjengelege og samanliknbare presentasjonar av kandidatar og lister.

Erfaringar frå enkelte bispedømekontor viser at tilsette i lokalkyrkja med valansvar ikkje prioriterte kommunikasjonsarbeidet. For nokon handla det om at dei ikkje hadde kapasitet, medan andre ikkje forstod kvifor dei skulle prioritere kommunikasjon rundt eit soknerådsvalet når det berre var éi liste som stilte til val. Dette blir viktig å ta høgde for i internkommunikasjonsarbeidet.

Hovudutfordringa i 2027 vil truleg ikkje først og fremst vere å gjere medlemmene merksame på at det er val, men å bidra til at fleire opplever det som meningsfullt og mogleg å gjere eit informert val, og for å få tilsette og frivillige til å kommunisere om valet.

Dei mest relevante funna frå evalueringsrapporten i 2023, er viktige for kommunikasjonsarbeidet i 2027:

Funn frå evalueringa	Betydning for 2027
Høg kjennskap til valet etter kampanje og val.	Kommunikasjonen må framleis sikre kjennskap, men dette er truleg ikkje hovudbarrieren.
Mange ikkje-veljarar overlet valet til meir aktive kyrkjemedlemmer.	Kommunikasjonen må tydeleggjere kvifor valet har betydning for medlemmene.
Mange opplevde å vite for lite om kandidatar, lister og saker.	Kommunikasjonen må leggje betre til rette for informert val og oversiktleg informasjon om alternativa.

Nye rammer for kyrkjevalet 2027

Kyrkjemøtet har vedteke at kyrkjevalet 2027 skal gjennomførast som eit digitalt val. Valet skal gå føre seg i perioden 10. august til 13. september 2027. Dette er i same periode som val til kommune- og fylkesting, men det vil ikkje vere ein tradisjonell valdag slik kyrkja har hatt tidlegare.

Det digitale valet gjev veljarane enkel og tilgjengeleg tilgang til stemmegjeving. For kyrkja kan det gje meir effektiv bruk av ressursar, og det er også ei moglegheit for å skape meir heilskapleg informasjon til veljarane.

Samtidig gjer digitaliseringa av valet kommunikasjonen til ein meir sentral del av sjølve valgjennomføringa. Når valet i større grad skjer gjennom digitale løysingar, blir det viktig at veljarane veit korleis dei skal stemme, finn relevant informasjon, har tillit til valordninga og opplever at informasjonen om valet er tilgjengeleg og forståeleg. Kommunikasjonen er ikkje berre informasjon om valet, men ein del av infrastrukturen som gjer valet mogleg.

Kyrkjemøtet vedtok rammene for kyrkjevalet i 2025 (KM 10/25). Ein av merknadane frå komiteen handla om informasjon om lister og kandidatar: «Komiteen mener at Kirkerådet og bispedømmerådene skal aktivt informere om hvilke lister som stiller til valg og deres kandidater.» Merknaden frå komiteen er eit signal om at Kyrkjemøtet ynskjer at valmyndene skal gje meir informasjon knytt til listene og kandidatane, og i regelverket er det mellom anna konkretisert til «*utdanning/yrke/bakgrunn, relevante verv og hva kandidatene vil arbeide for*». Difor vert det jobba med god samanheng mellom sidene med kandidatpresentasjon og stemmegjeving på kyrkjevalets nettsider. Det kan også vere gjennom å lage brosjyrar, plakatar eller andre malar som presenterer kandidatane. Samtidig er nøytralitet og likebehandling viktige prinsipp for administrasjonen som «valdirektorat». Dette må ikkje bli utfordra av det naudsynte informasjonsarbeidet.

Dette er ramma inn av dei nye kyrkjevalreglane i § 5-15 (2) slik:

Valgrådet skal utarbeide en felles presentasjon av kandidatene og listen(e). Presentasjonen av kandidatene skal inneholde de opplysninger som finnes på listeforslaget, jf. § 5-2, opplysninger om utdanning/yrke/bakgrunn, relevante verv og hva kandidatene vil arbeide for. Kandidatene presenteres også med bilde. For valg av medlemmer til Kirkemøtet og bispedømmeråd skal valgrådet også se til at tillitsvalgt for hver liste får mulighet til å gi en kort presentasjon av listen som tas inn i den felles presentasjonen. For valg av prest, kirkelig ansatt, døvemenighetenes representant og sørsamisk representant skal presentasjonen også inneholde hva kandidatene vil arbeide for, andre opplysninger som vil være av betydning for dem som skal avgi stemme, samt opplysninger om kandidatenes syn på aktuelle kirkelige spørsmål. Kandidatene leverer selv informasjon til presentasjonen på den måten Kirkerådet fastsetter innen fristen for levering av listeforslag. For valg av medlemmer til Kirkemøtet og bispedømmeråd er listenes tillitsvalgte selv ansvarlig for at alle kandidater leverer informasjon til presentasjonen. Tillitsvalgt for listen skal få anledning til å kontrollere informasjonen den enkelte kandidat har registrert etter fristen for levering av listeforslag og før informasjonen blir publisert.

Kyrkjerådet vert invitert til å meine noko om kor langt ein kan gå i å gje tilstrekkeleg kunnskap til å gjere eit informert val, samtidig som kravet til nøytralitet vert ivareteke. Her kan også den føreslegne referansegruppa vere eit forum for å drøfte konkrete saker.

Prinsipp for valkommunikasjon

Den norske kyrkjas kommunikasjonsstrategi ligg til grunn for alt kommunikasjonsarbeid. Vidare tilrår administrasjonenaat følgjande prinsipp blir lagde til grunn for valkommunikasjonen:

Prinsipp	Korleis
Nøytralitet	Kommunikasjonen skal vere nøytral og ikkje favorisere bestemte kandidatar eller lister.

Likebehandling	Lister og kandidatar skal over tid bli behandla likeverdig. Valkommunikasjonen skal bidra til at veljarane får tilstrekkeleg informasjon til å kunne gjere eit informert val.
Handlingsoppfordring	Veljarane skal oppmodast til å stemme i kyrkjevalet gjennom valkommunikasjonen.
Tilgjengelegheit	Informasjon om valet skal vere lett tilgjengeleg og forståeleg for alle medlemsgrupper.
Openheit	Kommunikasjonen skal bidra til tillit til gjennomføringa av valet og dei demokratiske ordningane i kyrkja.

Mål for valkommunikasjonen

I denne saka er Kyrkjerådet invitert til å fastsetje mål for kommunikasjonsarbeidet knytt til kyrkjevalet i 2027. Dette vil gje retning for val og prioriteringar i det vidare arbeidet i administrasjonen, både knytt til nasjonale betalte annonsar, regionalt kommunikasjonsarbeid og ressursmaterieil og malverk for kyrkjelydane.

Administrasjonen foreslår fire hovudmål for kommunikasjonsarbeidet, som vert presentert i det følgjande:

A) Medlemmene skal vite at det er kyrkjeval

At medlemmer veit at det er kyrkjeval, og veit at dei kan stemme digitalt, er viktig. Ved evalueringa av kyrkjevalet 2023 slo Kyrkjerådet fast at «*Det er positivt at mange visste om kirkevalget*», då 81 prosent av medlemmene svarte at dei visste at det var kyrkjeval.

Ein basiskjennskap til at det er val, og at dei som medlemmer har stemmerett, er viktig for at veljarane vil vurdere å stemme. Difor er «rekkevidde» på valkommunikasjonen også foreslått som eit mål.

B) Auka valdeltaking

«*Kirkerådet er ikke fornøyd med valgdeltakelsen i 2023*», vedtok Kyrkjerådet i mars 2024 (KR 37/24). Også komiteen på Kyrkjemøtet (10/25) uttrykte bekymring for «*den lave oppslutning om Kirkevalget. For å øke valgoppslutning, er synliggjøring av kirkevalget og god kommunikasjon avgjørende. Komiteen oppfordrer Kirkerådet til å vurdere hvordan enda flere kan bli opplyst om kirkevalget.*»

274 800 medlemmer i Den norske kyrkja stemte ved kyrkjevalet i 2023. Det utgjorde 9,06 prosent av alle med stemmerett. Flest veljarar stemte i val til sokneråd (8,46 prosent), medan noko færre stemte i val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet (6,4 prosent).

Eit hovudmål for kommunikasjonsarbeidet bør difor vere å auke valdeltakinga frå førre val.

C) God internkommunikasjon om kyrkjevalet

Med digitalt val er det fleire endringar for tilsette og frivillige knytt til kyrkjevalet, samanlikna med sist. Til dømes er det ikkje noko vallokale som skal vere bemanna på valdagen, men ein skal likevel legge til rette for stemming ved frammøte. I tillegg er det fleire oppgåver lokalkyrkja framleis har, mellom anna i arbeidet med nominasjon og kommunikasjon.

Eit mål er difor at internkommunikasjonen frå Kyrkjerådssekretariatet og bispedømekontora som valmynde skal bli opplevd som god. Dette vil handle både om opplæring og rettleiingar knytt til gjennomføring, men også om kva ressursar som er tilgjengelege, til dømes kampanjemateriell til bruk i kommunikasjonsarbeidet.

Kommunikasjonsplan for kyrkjevalet

Etter at Kyrkjerådet har fastsett mål og prinsipp for kyrkjevalkommunikasjonen, vil administrasjonen utarbeide ein kommunikasjonsplan for kyrkjevalet 2027.

Den vil også svare på Kyrkjerådets vedtak om vurdering av kva kommunikasjonsiltak som kan auke kjennskapen til valet (KR 37/24).

Kommunikasjonsplanen vil mellom anna konkretisere:

- målgrupper
- budskapsstrategi
- rollefordeling mellom nasjonalt, regionalt og lokalt nivå
- tiltak i fasane til valet:
 - Førebuing av lister og kandidatar (januar–15. april)
 - Planlegging av valet (16. april–1. juni)
 - Gjennomføringa av valet (10. august–13. september)
 - Avsluttinga av valet og offentleggjeringa av resultatet (14. september –)
- samhandling med lister og kandidatar
- indikatorar for måloppnåing

Kommunikasjonsplanen vert laga for den nasjonale kampanjen for kyrkjevalet. Det inneber at administrasjonen vil nytte planen og arbeide strategisk for å nå måla som er sette. Sokn og fellesråd får tilgjengeleggjort malar, materiell og liknande som bidreg til det same målet. Sokn står fritt til å bruke ressursane, tilpasse dei til lokal kontekst og ressursar og utforme lokale planar. Kommunikasjonsplanen vil difor i hovudsak dreie seg om val av medlemmer til sokneråd og Kyrkjemøtet og bispedømeråd.

Kyrkjerådet vil bli orientert om arbeidet med kommunikasjonsplanen gjennom direktørens munnlege orienteringar. Den operative innretninga av tiltak, kampanjar og kanalval blir handtert administrativt innanfor dei måla og prinsippa Kyrkjerådet fastset, og tilpassast dynamisk. Ei referansegruppe for kyrkjevalkommunikasjon vil få høve til å drøfte og gje innspel til vegval og behov.

Referansegruppe for kyrkjevalkommunikasjon

Ved kyrkjevalet 2023 vart det etablert ei referansegruppe for kyrkjevalkommunikasjonen med eitt medlem frå kvar av nomineringsgruppene som stilte til val. Administrasjonen vurderer at erfaringane med dialog mellom valmynda og listene bør vidareførast fram mot kyrkjevalet 2027, og på same måte.

Eit slikt forum gjev dei registrerte nomineringsgruppene i Kyrkjemøtet høve til å kome med innspel, bidra til å byggje tillit og forankring og gje administrasjonen betre innsikt i korleis kommunikasjonsarbeidet vert oppfatta. Som ved førre val vil forumet vere rådgivande, og det er administrasjonen som inviterer til møte på eigna tidspunkt. Administrasjonen vil også forankre kampanjen blant tilsette. Ansvar og avgjerdsmynde for valkommunikasjonen må framleis liggje hos administrasjonen som valmynde, men ei rekkje innspel til arbeidet vil vere nyttige.

Mandat og samansetjing vert fastsett av direktøren, med utgangspunkt i slik det var ved kyrkjevalet i 2023:

Mandatet ved førre val var:

Referansegruppen for kirkevalgkampanje opprettes som en støtte til kommunikasjonsavdelingens arbeid. Gruppens funksjon er rådgivende.

Referansegruppen skal inviteres til å gi innspill til arbeidet med kirkevalgkampanjen gjennom digitale møter på egnede tidspunkt etter vurdering fra direktøren.

Ansaret for utarbeidelsen og gjennomføringen av kampanjen ligger til sekretariatet innenfor de rammene som er satt av Kirkemøtet og Kirkerådet. Kirkerådet skal holdes orientert om arbeidet.

Samansetjinga ved førre val var:

Alle registrerte nomineringsgrupper skal inviteres til å melde inn ett medlem hver til referansegruppen.

Når det gjelder representasjon fra Nominasjonskomiteens liste, kan medlemmene av Kirkemøtet som er valgt inn fra Nominasjonskomiteens liste melde inn ett medlem til referansegruppen. Etter fristen for godkjenning av Nominasjonskomiteens liste i bispedømmene, avgjør den nasjonale koordineringsgruppen av listetopper hvem som skal representere Nominasjonskomiteens liste.

Medlemmane utpekt av nomineringsgruppene var ved førre val Arve Kjell Uthaug, Jo Hedberg, Gard Sandaker-Nielsen og Erling Birkedal.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Vedtaket gir føringar for det vidare administrative arbeidet med kommunikasjonsplanen for kyrkjevalet 2027. I langtidsbudsjettet for kyrkjevalet er det sett av 12 millionar kroner til ulike kommunikasjonstiltak, og dette vert endeleg vedteke i budsjettet for 2027 i desember.

Desse midla vil mellom anna gå til utarbeiding av strategi og innhald, kjøp av betalte annonsar digitalt og fysisk, målingar blant medlemmene, samt naudsynt og avgrensa teknisk tilrettelegging på nettstaden kirken.no/kyrkja.no og kirkevalget.no/kyrkjevalet.no. Eventuelle økonomiske prioriteringar knytte til konkrete kommunikasjonstiltak vert handsama i ordinære budsjett- og planprosessar.

Kommunikasjonsarbeidet knytt til kyrkjeval krev ressursar både i lokalkyrkja, på bispedømekontora og i Kyrkjerådssekretariatet. Kapasiteten på anna kommunikasjonsarbeid vil difor venteleg vere lågare i 2027. Dette vil merkast ved at andre kampanjar, satsingar og initiativ får lågare prioritet eller ikkje kan gjennomførast. Det er inngått rammeavtale med mediebyrå som gjennomfører kjøp av annonsar, og administrasjonen vil også vurdere behov for ekstern bistand knytt til andre delar av arbeidet.